

Ikke overtaking men hjelpende hand

05.02.2012



Odd Steinar Arnesen slår på Heio sist sommar

**Slik komuneøkonomien har utvikla seg i den seinare tid har ikkje tekniske tenester i kommunen høve til å overta vedlikehaldet av grasbana på Heio kommande sesong. Dei er likevel positive til å strekkja ut ei hjelpende hand og avhjelpe i ein vanskeleg situasjon.**

**Dette skriv saksbehandlar Ivar Kåre Døssland til idrettslaget, som skal ha årsmøtet sitt på Solheim Turiststasjon måndag kveld klokka 19.  
Der blir banespørsmålet eit sentralt tema.**

Døssland viser til brevet som idrettslaget sendte kommunen for snart eit år sidan om kommunal overtaking. Han opplyser at dei har venta med å svara i påvente av at ein ved rullering av kommunedelplanen for idrett og friluftsliv skulle få ei avklaring om drift og vedlikehald av idrettsanlegga.

Men arbeidet med planen har stoppa opp. Sesongen for slått av fotballbanar nærmar seg imidlertid og difor må idrettslaget likevel få eit svar, skriv Døssland.

Han vonar at arbeidet med planen kjem igang att og at ein i planen får lagt føringar for utbygging, drift og vedlikehald av idrettsanlægga slik at ein får ein meir lik og rettvis fordeling av den kommunale deltakinga. Døssland ser fram til eit positivt samarbeid så langt kommunen kan vera med.

Alternativ bruk av grusbana og området rundt er ført opp på saklista for årsmøtet, men idrettslaget må sjå banespørsmålet som ein heilskap, blir det understreka i laget

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

